

Odd Harald Turøy
Nordresjøvegen 10 A
5419 Fitjar

Dato: 13.09.2018
Vår ref.: 2017/14816-93
Saksbehandlar: roaland
Dykkar ref.:

M/S Axel - Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy 2018 - Sluttutbetaling av tilskot

Vi viser til dykkar brev av 05.09.2018, der de ber om utbetaling av tilskot til M/S Axel.

Vi har motteke dokumentasjon på utgifter i samband med utskifting av stålplater i akterskipet på M/S Axel. Sakshandsamar frå fylkeskommunen har vore om bord, sett reparasjonen og har eigen fotodokumentasjon på det utførte arbeidet. Vi vil føye til at dokumentasjonen i samband med eventuelt nye prosjekt i tillegg bør innehalde ein kort rapport om arbeidet, saman med eigne foto tekne før, under og etter tiltaket er gjennomført. Dokumentasjonen syner elles at arbeidet er i tråd med søknad og tildeling, og tilskotet på 100.000,- kan såleis utbetalast.

Kr 100.000,- vert utbetalt til dykkar bankkonto 3546.15.02006.

De har ansvar for å kontrollera at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot ska betalast attende snarast

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Roald Landøy
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.